

# Eksamen

26.05.2020

MED2001 Mediekommunikasjon

**Programområde:** Medieproduksjon

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	1: Fake news om Resett, side 6 2: Kvifor sviktar unge demokratiet?, side 12
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<a href="#">Sjå eksamensrettleiinga</a>
<b>Andre opplysningar</b>	Du skal svare på alle oppgåvene.

## Oppgave 1

Les artikkelen i vedlegg 1.

- a. Analyser kjeldebruken. Inkluder omgrep som éinkjelde- og fleirkjeldejournalistikk, munnlege og skriftlege kjelder, førstehands- og andrehandskjelder og kjeldekritikk.
- b. Gjer ein enkel kommunikasjonsanalyse av artikkelen.

## Oppgave 2

Du er journalist og skal planleggje ein reportasje om ungdom og deltaking i demokratiske val. Bruk gjerne vedlegg 2 som utgangspunkt.

- a. Vel ein mediekanal. Beskriv kva som kjenneteiknar kanalen du vil lage saka for, og definer målgruppa for kanalen. Inkluder omgrep som primær og sekundær målgruppe.
- b. Beskriv og grunngi kva for kjelder du vil bruke i denne saka.
- c. Du ønskjer å bruke bilete i saka di. Beskriv med utgangspunkt i lova om opphavsrett kva du må ta omsyn til.
- d. Lag ei grov skisse av saka.
- e. Kva for etiske omsyn må du ta i denne reportasjen?
- f. Vis korleis du kan bruke statistikk i reportasjen din.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	1: Fake news om Resett, side 9 2: Hvorfor svikter unge demokratiet?, side 14
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<a href="#">Se eksamensveiledningen</a>
<b>Andre opplysninger</b>	Du skal svare på alle oppgavene.

## Oppgave 1

Les artikkelen i vedlegg 1.

- a. Analyser kildebruken. Inkluder begreper som énkilde- og flerkildejournalistikk, muntlige og skriftlige kilder, førstehånds- og andrehåndskilder og kildekritikk.
- b. Gjør en enkel kommunikasjonsanalyse av artikkelen.

## Oppgave 2

Du er journalist og skal planlegge en reportasje om ungdom og deltakelse i demokratiske valg. Bruk gjerne vedlegg 2 som utgangspunkt.

- a. Velg en mediekanal. Beskriv hva som kjennetegner kanalen du vil lage saken for, og definer målgruppen for kanalen. Inkluder begreper som primær og sekundær målgruppe.
- b. Beskriv og begrunn hvilke kilder du vil bruke i denne saken.
- c. Du ønsker å bruke bilder i saken din. Beskriv med utgangspunkt i loven om opphavsrett hva du må ta hensyn til.
- d. Lag en grov skisse av saken.
- e. Hvilke etiske hensyn må du ta i denne reportasjen?
- f. Vis hvordan du kan bruke statistikk i reportasjen din.

## Årsaka til at forskarane er «overrasket» over sine egne funn, er fake news om Resett i media



Norske aviser. NTB arkivfoto: Lise Åserud / SCANPIX

Tre forskarar har sett på publiseringspraksisen vår og har ifølgje Klassekampen komme til at «Resett ikke bryter med presseetikken, verken på nyhetsplass eller i kommentarfeltet».

Av: Helge Lurås

Det er to fulle veker med publiseringar som er forska på.

«Vi har i tillegg gjennomgått Skei Grande-saken i detalj, en større sak der det er mulig å drøfte saken opp mot påstander om presseetiske brudd. Det er ut fra hva vi har skrevet over, faktisk helt uklart om Resett ville blitt felt i PFU både i Skei Grande-saken og i Sumaya Jirde Ali-saken», skriv dei i boka *Journalistikk, profesjon og endring*.

Forskarane sjølve hevdar til Klassekampen at dei var overraska over funna.

– Det har ikkje vore ei oppgåve for oss å «frifinne» Resett. Men på bakgrunn av alle kontroversane som har vore rundt Resett, blei vi overraska over at vi ikkje fann nokon klare brot på presseetikken, seier Birgit Kjos Fonn ved OsloMet.

Boka er redigert av mellom andre Paul Bjerke, professor i journalistikk ved Høgskulen i Volda, Birgitte Kjos Fonn, førsteamanuensis i journalistikk ved OsloMet – storbyuniversitetet og Birgit Røe Mathisen, førsteamanuensis i journalistikk ved Nord universitet.

Også professor Paul Bjerke blei overraska over sine eigne funn, skriv Klassekampen.

– Eg hadde nok også venta at vi ville finne eit større omfang av samanblanding av nyheitsartiklar og kommentarar, seier Bjerke.

Denne analysen, gjennomført systematisk av faktiske medieforskarar, burde gi rom for ettertanke i Norsk Redaktørforening (NR) og blant dei mange synsarane i norsk offentlegheit med ein agenda mot Resett.

I avslaget på søknaden min om opptak i 2018 hevda Norsk Redaktørforening i ei pressemelding at Resett hadde gjort seg skuldig i «gjentatte og klare brudd på Vær varsom-plakatens intensjoner». Men dei kom ikkje med nokon konkrete eksempel på kva desse brota skulle gå ut på.

Som forfattarane skriv i boka: «Vi vet ikke hvilke brudd NR sikter til, siden grunnlaget for avslaget ikke er mer utdypet, i alle fall ikke offentlig.»

### **Bryt Norsk Redaktørforening sine eigne vedtekter?**

Og paradoksalt nok kan desse ikkje grunngitte påstandane frå Norsk Redaktørforening i seg sjølve vere brot med Vær Varsom-plakaten (VVP), sidan Resett ikkje blei gitt høve til tilsvar og påstanden i tillegg synest grunnlaus.

Eg kan bekrefte at NR heller ikkje grunn gav påstandane om «gjentatte brudd» på VVP til meg direkte i 2018. Dei kom rett og slett med ei skuldning i ei pressemelding som dei ikkje konkretiserte og ei heller gav meg høve til å imøtegå.

NR har dermed, saman med andre medium som har spreidd liknande påstandar, bidratt til dei fordommene som har eksistert mot Resett. Og med slike «falske nyheiter» om Resett i sirkulasjon i dei etablerte media er det ikkje rart at forskarane blei «overrasket» da dei faktisk sette seg ned og studerte journalistikken vår noko grundigare.

Dei trudde det var verre enn det var. Står det i avisa og blir fortalt på NRK, må det jo vere sant ...

Men mange av dei som har komme med skuldningar mot oss tidlegare, har jo gjort det i same andedrag som dei har påstått at dei ikkje les det vi skriv. At ikkje dette paradokset er blitt fanga opp, seier det meste om norske medium.

Også kommentarfeltet til Resett blir no sett i ein riktigare kontekst:



«Selv om kommentarfeltene til Resett i de to ukene inneholdt mange islamfiendtlige ytringer, var de ifølge forskerne ikke grovere enn det som mange andre medier tillater i sine kommentarfelt», skriv Klassekampen.

### **Tar dei lærdom?**

Eg forventar ikkje at norske medium går i seg sjølv, og heller ikkje at dei politikarane som har hengt seg på i fordøminga av Resett, blir meir audmjuke. Angrepa på dei tre forskarane har allereie begynt. Det kan ikkje tolast at Resett blir frifunne. Ein vil ha rett til å slyngje ut grunnlause skuldingar mot oss også i framtida.

Skuldingane som har komme mot Resett sidan vi starta opp i 2017, har vore meir eller mindre som vi forventa. Norske medium har ikkje den objektiviteten dei trur sjølve at dei har. Dei er prega av sine politiske preferansar. Det var nettopp i erkjenninga av korleis norske medium er, vi fann det nødvendig å etablere Resett.

Vi forventar derfor at skuldingane mot Resett held fram. Også Norsk Redaktørforening er truande til å sjå bort frå forskinga og halde seg til styremedlemmene si eiga subjektive synsing. Enkelte vil berre tvihalde på fordommane sine uansett.

### **Slik blir Fake News skapt**

Det var Klassekampen som først formidla innhaldet om Resett i boka til lesarane sine tidlegare i veka. Og artikkelen var ok i behandlinga av Resett, med unntak av eit ikkje uvesentleg punkt. For sjølv i denne elles beskrivande artikkelen måtte Klassekampen allereie i ingressen komme med den tendensiøse karakteristikken av Resett som «den innvandringskritiske nettavisa Resett». Har dei nokon gong beskrive Aftenposten som «den innvandringsliberale avisa Aftenposten»? Sjølv sagt ikkje. Og er det eigentleg nokon aviser eller politiske parti i Noreg som ikkje er litt innvandringskritiske?

Formålet er klart. Ein skal stemple Resett og flagge til sine eigne lesarar at dei skal vere kritiske. Resett er ei avis berre for dei som er innvandringskritiske, er det Klassekampen ønskjer å fortelje. Det same sleipe trikset nytta Nettavisens redaktør Gunnar Stavrum seg nyleg av ved å omtale oss på same måte.

Men at Klassekampen i den same artikkelen som indirekte påviser fordommane som har eksistert om Resett, og som gjer at folk blir overraska over det dei finn, maktar å smørje inn ein annan fordom, seier eigentleg det meste om norsk presse.

Og det er derfor folk flokkar seg rundt oss i stadig større grad. I januar hadde Resett nesten 700 000 unike brukarar. Det er 38 prosent fleire enn i same periode i fjor.

Vi håper og trur vi veks ytterlegare i åra som kjem. Med eller utan tilgang til privilegia som blir kontrollerte av Norsk Redaktørforening, og som er grunnen til at Shurika Hansen og eg har søkt om opptak på nytt.



## Årsaken til at forskerne er «overrasket» over sine egne funn, er mediernes fake news om Resett



Norske aviser. NTB arkivfoto: Lise Åserud / SCANPIX

Tre forskere har sett på vår publiseringspraksis og har ifølge Klassekampen kommet til at «Resett ikke bryter med presseetikken, verken på nyhetsplass eller i kommentarfeltet».

Av: Helge Lurås

Det er to fulle uker med publiseringer som er forsket på.

«Vi har i tillegg gjennomgått Skei Grande-saken i detalj, en større sak der det er mulig å drøfte saken opp mot påstander om presseetiske brudd. Det er ut fra hva vi har skrevet over, faktisk helt uklart om Resett ville blitt felt i PFU både i Skei Grande-saken og i Sumaya Jirde Ali-saken», skriver de i boken *Journalistikk, profesjon og endring*.

Forskerne selv hevder til Klassekampen at de var overrasket over funnene.

– Det har ikke vært vår oppgave å «frifinne» Resett. Men på bakgrunn av alle kontroversene det har vært rundt Resett, ble vi overrasket over at vi ikke fant noen klare brudd på presseetikken, sier Birgit Kjos Fonn ved OsloMet.

Boken er redigert av blant andre Paul Bjerke, professor i journalistikk ved Høgskulen i Volda, Birgitte Kjos Fonn, førsteamanuensis i journalistikk ved OsloMet – storbyuniversitetet og Birgit Røe Mathisen, førsteamanuensis i journalistikk ved Nord universitet.

Også professor Paul Bjerke ble overrasket over sine egne funn, skriver Klassekampen.

– Jeg hadde nok også ventet at vi ville finne et større omfang av sammenblanding av nyhetsartikler og kommentarer, sier Bjerke.

Denne analysen, gjennomført systematisk av faktiske medieforskere, burde gi rom for ettertanke i Norsk Redaktørforening (NR) og blant de utallige synserne i norsk offentlighet med en agenda mot Resett.

I avslaget på min søknad på opptak i 2018 hevdet Norsk Redaktørforening i en pressemelding at Resett hadde gjort seg skyldig i «gjentatte og klare brudd på Vær varsom-plakatens intensjoner». De kom imidlertid ikke med noen konkrete eksempler på hva disse bruddene skulle gå ut på.

Som forfatterne skriver i boken: «Vi vet ikke hvilke brudd NR sikter til, siden grunnlaget for avslaget ikke er mer utdypet, i alle fall ikke offentlig.»

### **Bryter Norsk Redaktørforening sine egne vedtekter?**

Og paradoksalt nok kan disse ubegrunnede påstandene fra Norsk Redaktørforening i seg selv være brudd med Vær Varsom-plakaten (VVP), siden Resett ikke ble gitt mulighet til tilsvar og påstanden i tillegg synes grunnløs.

Jeg kan bekrefte at NR heller ikke begrunnet påstandene om «gjentatte brudd» på VVP til meg direkte i 2018. De simpelthen kom med en anklage i en pressemelding som de ikke konkretiserte og ei heller ga meg noen mulighet til å imøtegå.

NR har dermed, sammen med andre medier som har spredd liknende påstander, bidratt til de fordømmene som har eksistert mot Resett. Og med slike «falske nyheter» om Resett i sirkulasjon i de etablerte mediene, er det ikke rart at forskerne nå ble «overrasket» da de faktisk satte seg ned og studerte journalistikken vår noe grundigere.

De trodde det var verre enn det var. Står det i avisen og fortelles på NRK, må det jo være sant ...

Men mange av dem som har kommet med beskyldninger mot oss tidligere, har jo gjort det i samme åndedrag som de har påstått at de ikke leser det vi skriver. At ikke dette paradokset har blitt fanget opp, sier det meste om norske medier.

Også kommentarfeltet til Resett blir nå satt i en riktigere kontekst:

«Selv om kommentarfeltene til Resett i de to ukene inneholdt mange islamfiendtlige ytringer, var de ifølge forskerne ikke grovere enn det som mange andre medier tillater i sine kommentarfelt», skriver Klassekampen.

### **Tar de lærdom?**

Jeg forventer ikke at norske medier går i seg selv, og ei heller at det oppstår en større ydmykhet blant de politikerne som har hengt seg på i fordømmelsene av Resett. Angrepene mot de tre forskerne har allerede begynt. Det kan ikke tåles at Resett blir frifunnet. Man vil forbeholde seg retten til å slynge ut ubegrunnede anklager mot oss også i fremtiden.

Anklagene som har kommet mot Resett siden vi startet opp i 2017, har vært mer eller mindre som vi forventet. Norske medier har ikke den objektiviteten de tror selv. De preges av sine politiske preferanser. Det var nettopp i erkjennelsen av hvordan norske medier er, at vi fant det nødvendig å etablere Resett.

Vi forventer derfor at anklagene mot Resett fortsetter. Også Norsk Redaktørforening er troende til å se bort fra forskningen og forholde seg til styremedlemmenes egen subjektive synsing. Enkelte vil bare tviholde på fordømmene sine uansett.

### **Slik skapes Fake News**

Det var Klassekampen som først formidlet bokas innhold om Resett til sine lesere tidligere i uka. Og artikkelen var ok i behandlingen av Resett, med unntak av et ikke uvesentlig punkt. For selv i denne ellers beskrivende artikkelen måtte Klassekampen allerede i ingressen komme med den tendensiøse karakteristikken av Resett som «den innvandringskritiske nettavisa Resett». Har de noen gang beskrevet Aftenposten som «den innvandringsliberale avisa Aftenposten»? Selvsagt ikke. Og er det egentlig noen aviser eller politiske partier i Norge som ikke er litt innvandringskritiske?

Hensikten er klar. Man skal stemple Resett og flagge til sine egne lesere at de skal være forutinntatt. Resett er kun en avis for de som er innvandringskritiske, er det Klassekampen ønsker å fortelle. Det samme sleipe trikset benyttet Nettavisens redaktør Gunnar Stavrum seg av nylig med å omtale oss på samme måte.

Men at Klassekampen i den samme artikkelen som indirekte påviser hvilke fordommer som har eksistert om Resett, og som gjør at folk blir overrasket over det de finner, makter å smøre inn en annen fordom, sier egentlig det meste om norsk presse.

Og det er derfor folk flokker seg til oss i stadig større grad. I januar hadde Resett nesten 700 000 unike brukere. Det er 38 prosent flere enn i samme periode i fjor.

Vi håper og tror vi vokser ytterligere i årene som kommer. Med eller uten tilgang til privilegiene som kontrolleres av Norsk Redaktørforening, og som er grunnen til at Shurika Hansen og jeg har søkt om opptak på nytt.

### **Kvifor sviktar unge demokratiet?**

I ei fersk svensk undersøking svarer unge at dei føretrekkjer ein sterk leiar, ekspertstyre og avgrensingar av stemmeretten. Kva er det eigentleg som skjer?

Hilde Nagell, fagrådgivar i Tankesmien Agenda 22. august 2018 kl. 06.00

**Førre veke la** NHO fram ei undersøking som viser at berre 50 prosent av dei mellom 30 og 39 år meiner det er viktig å bu i eit demokratisk land, og talet er 55 prosent blant dei yngste.

Ei svensk undersøking omtalt av nettmagasinet ETC gir ytterlegare grunn til bekymring. Svara frå den yngste gruppa, unge mellom 16 og 25 år, er oppsiktsvekkjande:

– Over halvparten (54 prosent) svarer at dei synest det er eit ganske bra eller veldig bra forslag at ekspertar og ikkje Riksdagen og regjeringa bestemmer kva som er det beste for landet.

– Ein fjerdedel meiner det er ein god idé at «ein leiar styrer utan å bekymre seg om Riksdagen eller politiske val».

– Eit fleirtal (51 prosent) meiner at det ikkje er ein rett å få stemme ved val «om ein ikkje kan nokon ting om politikk».

**Tal og statistikk** må behandlast med varsemd, og nokre av grafane NHO bruker, kan vere misvisande. Men trenden ser ut til å bli bekrefta av fleire.

Noregsaktuelle Yascha Mounk beskriv i boka *The People vs. Democracy* korleis trua på demokratiske institusjonar er svekt både i USA og i Europa, og mest blant dei unge. Korleis kan dette skje også i tilsynelatande velfungerande demokrati som Sverige og Noreg?

Ein skulle kanskje tru det er fordi ein ikkje veit betre, men lite tyder på det. I ei stor internasjonal undersøking, ICCS, skårar skandinavisk ungdom svært høgt på kunnskap om og forståing for korleis demokratiet fungerer. Kva får dei likevel til å svare som dei gjer?

### **Her er nokre hypotesar:**

**Utolmod.** Ei oppleving av at det hastar. Skal vi redde kloden, kan vi ikkje vente til folkevalde forsamlingar har kran gla ferdig og bestemt seg. Dei er utolmodige og vil ha handling, ikkje prat. Dei ser kanskje berre etter nokon som kan få jobben gjord, meir effektivt og med betre resultat.



**Overlèt til andre.** Stoler på at nokon andre, ekspertar eller ein sterk leiar, vil vite best kva som må gjerast. Verda er blitt meir komplisert, økonomien er global, og dei teknologiske endringane skjer raskare. Moderne demokrati opplever det Mounk kallar eit «teknokratisk dilemma». Det blir vanskelegare for veljarane å sjå korleis éi enkelt stemme kan bety noko for å finne svar på noko så komplisert som for eksempel ei internasjonal løysing på klimaproblema. Betre da å stole på ekspertane.

**Protest.** Opplever at politikarar ikkje er tilgjengelege, og at dei ikkje snakkar om saker dei er opptatt av. I dokumentaren «Länge leve demokratin» avdekkjer journalisten Jan Scherman korleis kvardagen ser ut for ein rikspolitkar. Dei stressar, administrerer og har lite tid til å møte veljarar. For mange går meir enn halvparten av arbeidsdagen med til administrasjon. Det er ikkje så underleg om det også gjer noko med entusiasmen for partidemokratiet hos veljarane.

**Maktesløyse.** Føler ikkje at dei sjølve har nokon innverknad på det som skjer politisk, og at det uansett ikkje spelar noka rolle kva dei sjølve gjer. Mange av desse unge har ei finanskrisa som si viktigaste formative oppleving, og dei kan ha opplevd at politikarane har svikta. Ein europeisk studie viser for eksempel at økonomiske spørsmål blei mykje viktigare for veljarane, medan partiprogramma endra seg lite.

**Forbrukar, ikkje borgar.** Unge er blitt vane med å ta imot politiske budskapar som om dei skal kjøpe tannpasta. Offentlege tenester blir beskrivne med ord som valfridom og sluttbrukar, og det å vere konsument og forbrukar blir overført til politikken. Unge har ikkje blitt sosialiserte inn i ei borgar-rolle der ein heilt sentral del er sjølve å vere med på å utforme politikken.

**Tar demokratiet for gitt.** Unge mellom 16 og 25 år har aldri opplevd noko anna enn demokrati. Dei har rett og slett ikkje erfaring nok til å vite korleis eit diktatur kan arte seg, eller korleis det kjennest å leve under eit autoritært styre. Dei har ikkje opplevd den kalde krigen eller muren som delte Europa.

**Gir F.** Nokre er det ei norsk undersøking kalla «nyhetsunnvikere»: Dei les ikkje aviser, høyrer ikkje på radio, ser ikkje nyheiter på TV, veit ikkje kva som går føre seg i politikken, eller kva dei ville ha stemt om det var val. Dette kan også vere forsterkande.

Pippa Norris' påstand i boka *A Virtuous Circle* er at politisk nyheitskonsum går inn i «ein god sirkel», der dei som er mest interesserte, følgjer mest med på nyheitene, noko som gjer at dei blir enda meir interesserte og følgjer enda betre med, medan dei som i utgangspunktet ikkje er interesserte, blir ståande på utsida og heller ikkje får meir interesse for politikk.

**Snur ryggen til demokratiet.** Haldningar som dette gir næring til autoritær populisme både på venstre- og høgresida av politikken. Dei banar vegen for sterke leiarar med enkle budskapar som lover å høyre på folk flest, men som bryr seg mindre om det liberale demokratiet – maktfordeling, rettsstat og representativt demokrati.

Det verkeleg alvorlege er at noko ein opplever som ung, kan forme politisk åtferd og haldningar for resten av livet. Trua på demokratiet vårt kan dermed vere varig svekt.

#### Hvorfor svikter unge demokratiet?

I en fersk svensk undersøkelse svarer unge at de foretrekker en sterk leder, ekspertstyre og begrensninger av stemmeretten. Hva er det egentlig som foregår?

Hilde Nagell, fagrådgiver i Tankesmien Agenda 22. august 2018 kl. 6.00

**Forrige uke la** NHO fram en undersøkelse som viser at bare 50 prosent av de mellom 30 og 39 år mener det er viktig å bo i et demokratisk land, og tallet er 55 prosent blant de yngste.

En svensk undersøkelse omtalt av nettmagasinet ETC gir ytterligere grunn til bekymring. Svarene fra den yngste gruppen, unge mellom 16 og 25 år, er oppsiktsvekkende:

- Over halvparten (54 prosent) svarer at de synes det er et ganske bra eller et veldig bra forslag at eksperter og ikke Riksdagen og regjeringen bestemmer hva som er det beste for landet.
- En fjerdedel mener det er en god idé at «en leder styrer uten å bekymre seg om riksdagen eller politiske valg».
- Et flertall (51 prosent) mener at det ikke er en rettighet å få stemme ved valg «om man ikke kan noen ting om politikk».

**Tall og statistikk** må behandles med varsomhet, og noen av grafene NHO bruker, kan være misvisende. Men trenden ser ut til å bekreftes av flere. Norgesaktuelle Yascha Mounk beskriver i sin nye bok *The People vs. Democracy* hvordan troen på demokratiske institusjoner er svekket både i USA og i Europa, og den synker mest blant de unge. Hvordan kan dette skje også i tilsynelatende velfungerende demokratier som Sverige og Norge?

Man skulle kanskje tro at det skyldes uvitenhet, men lite tyder på det. I en stor internasjonal undersøkelse, ICCS, skårer skandinavisk ungdom svært høyt på kunnskap om og forståelse for hvordan demokratiet fungerer. Hva får dem likevel til å svare som de gjør?

#### Her er noen hypoteser:

**Utålmodighet.** En opplevelse av at det haster. Skal vi redde kloden, kan vi ikke vente til folkevalgte forsamlinger har kranget ferdig og bestemt seg. De er utålmodige og vil ha handling, ikke prat. De ser kanskje bare etter noen som kan få jobben gjort, mer effektivt og med bedre resultat.

**Overlater til andre.** Stoler på at noen andre, eksperter eller en sterk leder, vil vite best hva som må gjøres. Verden har blitt mer komplisert, økonomien er global, og de teknologiske endringene skjer raskere. Moderne demokratier opplever det Mounk kaller et «teknokratisk dilemma». Det blir vanskeligere for velgerne å se hvordan én enkelt stemme kan bety noe for å finne svar på noe så komplisert som for eksempel en internasjonal løsning på klimaproblemene. Bedre da å stole på ekspertene.

**Protest.** Opplever at politikere ikke er tilgjengelige og ikke snakker om saker de er opptatt av. I dokumentaren «Länge leve demokratin» avdekker journalisten Jan Scherman hvordan hverdagen ser ut for en rikspolitiker. De stresser, administrerer og har liten tid til å treffe velgere. For mange går mer enn halvparten av arbeidsdagen med til administrasjon. Det er ikke så underlig om det også gjør noe med velgernes entusiasme for partidemokratiet.

**Maktesløshet.** Føler ikke selv at de har noen innvirkning på det som skjer politisk, og at det uansett ikke spiller noen rolle hva de selv gjør. Mange av disse unge har en finanskrisen som sin viktigste formative opplevelse, og de kan ha opplevd at politikerne har sviktet. En europeisk studie viser for eksempel at økonomiske spørsmål ble mye viktigere for velgerne, mens partiprogrammene endret seg lite.

**Forbruker, ikke borger.** Unge har blitt vant til å ta imot politiske budskap som om de skal kjøpe tannpasta. Offentlige tjenester beskrives med ord som valgfrihet og sluttbruker, og det å være konsument og forbruker overføres til politikken. Unge har ikke blitt sosialisert inn i en borger-rolle der en helt sentral del er selv å være med på å utforme politikken.

**Tar demokratiet for gitt.** Unge mellom 16 og 25 år har aldri opplevd noe annet enn demokrati. De har rett og slett ikke erfaring nok til å vite hvordan et diktatur kan arte seg, eller hvordan det føles å leve under et autoritært styre. De har ikke opplevd den kalde krigen eller muren som delte Europa.



**Gir F.** Noen er det en norsk undersøkelse kalte «nyhetsunnvikere»: De leser ikke aviser, hører ikke radio, ser ikke nyheter på TV, vet ikke hva som foregår i politikken, eller hva de ville stemt hvis det var valg. Dette kan også være forsterkende.

Pippa Norris' påstand i boka *A Virtuous Circle* er at politisk nyhetskonsument går inn i «en god sirkel», der de som er mest interessert, følger mest med på nyhetene, noe som gjør at de blir enda mer interessert og følger enda bedre med, mens de som i utgangspunktet ikke er interessert, blir stående på utsiden og heller ikke får mer interesse for politikk.

**Snur ryggen til demokratiet.** Holdninger som dette gir næring til autoritær populisme både på venstre- og høyresiden av politikken. De baner veien for sterke ledere med enkle budskap som lover å høre på folk flest, men som bryr seg mindre om det liberale demokratiet – maktfordeling, rettsstat og representativt demokrati.

Det virkelig alvorlige er at begivenheter som skjer mens man er ung, kan forme politisk adferd og holdninger resten av livet. Troen på demokratiet vårt kan dermed være varig svekket.





[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)